

MELDING  
om  
FISKEBIOLOGISKE GRANSKINGAR

1  
ROGALAND

1954

Namnet på vatnet

Kommune .....

Bjersabufjell  
Bjersund / Bjerkreim

Feltarbeidet, vidare arbeid med materialet og skrivning av meldinga, er utført av Rogaland Skogselskap v/ E. Berg etter retningsliner frå, og i nært samarbeid med, Konsulenten for ferskvannsfiske i Vest-Norge, herr Øyvind Vasshaug.

## E I K J E V A T N E T

Fiskeanalysen vart foreteken den 14. aug. 1974.

Vatnet ligg i Eigersund og Bjerkreim kommunar, nærare stadfest i Tengesdal, og med Hetland statsskog i nord-vest.

Arealet er omlag 125 ha og h.o.h. 25 m.

Djupna på vatnet er ikkje målt, men det er jamt over eit grunt vatn, der største djup neppe er over ca. 20 m.

Stranda består for ein del av stein, men der er og fin sandstrand innimellom.

Gjørmebotn dominerar på djupet.

Vegetasjon og nedslagsfelt.

Botngras, tjønnaks, brasmegras, siv- og algevegetasjon vil ein finna frå stranda og ut mot djupet.

Nedslagsfeltet femner om dyrka mark, kulturbeiter, skogsmark og snaufjell.

Hovudtilsiget fell inn i nord og kjem frå Hetlandsvatnet m.fl.

Vidare fell det inn fleire større tilsig. Eit i nord-vest frå nokre tjern i Hetland statsskog, eit i vest der Sauatjerna, Ljos-tjerna m. fl. inngår og endeleg eit i sør frå Langavatnet m.fl.

Avlaupet renn ut i sør-aust til Bjerkreimsvassdraget.

Dei kjemiske tilhøva.

Siktedjupet er 8.0 m og fargen på vatnet grønnlig-gul som indikerar eit eutrof eller næringsrikt vatn.

Surheita pH er målt til 7.0 (nøytralt vatn) og som er heilt ideelt for aure. Innhaldet av kalk (CaO) er 2.0 mg/l og den totale hardheita 5.0 mg/l. Dette er relativt godt.

Leiingsemna  $K_{18} = 46.0 \times 10^{-6} \text{ ohm}^{-1} \text{ cm}^{-1}$ .

Gjennomstrøyminga er normalt liten.

Faunaen i vatnet.

Det vart teke botnprøver på 2.0, 5.0 og 7.0 m djup og ein kom til fylgjande resultat:

På 2.0 m vart det funne 24 fjærmygglarver, 21 muslingar, 3 vannmidd, 1 stikkmygglarve, 1 mudderflugelarve, 1 vannkalvlarve og 2 dafnier - tilsvarande 530 individ pr. m<sup>2</sup>.

5.0 meteren gav som resultat 20 fjærmygglarver, 13 muslingar,

1 vannmidd og 1 dafnie - i alt 350 individ pr. m<sup>2</sup>.

På 7.0 meter vart det funne 2 fjærmygglarver og 1 igle eller samla 30 individ pr. m<sup>2</sup>.

Samla resultat syner at det er bra med næringsdyr i vatnet, og langt over det ein til vanleg vil finna, om ein samanliknar med andre analyserte vatn.

For å få greie på kva fisken eigentleg ernærte seg av, på det tidspunkt analysen vart foreteken, tok vi mageprøver av 1 fisk og her vart det funne plankton (*Bythotrepes longimanus*), fjærmygglarver og pupper, vannkalv, døgnflugelarver, bladlus, maur og vårflugelarver.

#### Planktonprøver.


Det vart teke eit horisontalttrekk på 50 m ca., og eit vertikalttrekk på 10.0 m, med planktonhov. Begge prøvene må karakteriserast som medels rike.

#### Fisk m.v.

Fylgjande fiskeslag vil ein finna i vatnet: Ferskvassaure, røyr og ål. Det er truleg at det også går laks i vatnet.


Det vart sett ut 7 garn av ymse maskestorleik og resultatet etter 1 fangstnatt vart 65 aurar og 4 røyr.

Fordeler vi fangsten på omfara får vi denne grafiske framsyninga.





Set vi opp ei grafisk framsyning av fangsten fordelt på cm-klassar vil denne sjå slik ut.



Det vart teke prøver av 25 aurar og av desse var der 13 hanfiskar og 12 hofiskar - ei normal kjønnsfordeling.

7 av prøvefiskane var røde, 7 lys-røde og 11 kvite i fiskekjøttet. 15 fiskar (60%) var angripne av parasittar.


44% var gytefisk - resten gjellfisk.

Ser vi på medellengda og den årlege lengdetilveksten av prøvefiskane vil dette gå fram av oppstillinga nedanfor.

	Alder ved vinter					
	1år	2år	3år	4år	5år	6år
Medellengde i cm	4,3	8,9	14,2	18,2	21,2	21,2
Årleg lengdetilv. i cm	4,3	4,6	5,3	4,0	3,0	0,0
Antall fiskar	25	25	25	24	10	1

Medel kondisjonsfaktor = 0,98 tilseier fisk av medels bra kvalitet.

Set vi opp ein vekstkurve for fisken i Eikjevatnet og samanliknar med normalkurven for Vestlandet (5cm pr. år) vil denne sjå ut som synt nedanfor.



Som vi her vil sjå, ligg veksten på fisken i Eikjevatnet i underkant av normalen like frå første år av. Fisken går mot ei maksimal lengd på ca. 22-23 cm, men det er neppe mange fiskar som når opp i denne storleiken. Veksten stagnerer ved 5 års alder. Då vatnet er såpass stort, er det grunn til å tru at det vil finnast ein del fisk som er vesentleg større enn dette. Det er såkalla "jagarar" og som ernærer seg av yngel og småfisk.

#### Konklusjon.

Ut frå dei foretekne prøvene må vatnet karakteriserast som relativt næringsrikt og overbefolka. Tilheva ligg vel til rette for fiskeproduksjon.

Dei kjemiske tilheva er gode og botnprøvene gav eit tilfredsstillande resultat. Det same må seiast om planktonprøvene.

Ser vi på omfarfordelinga, så syner denne at 66% av heile fangsten vart teken på det eine garnet av omf. 32. Det er såleis småfisker som fullt ut dominerar vatnet og fisken har stort sett ei lengd på ca. 21 cm.

Vekstkurven er ikkje så god som ynskjeleg.

Når tilhøva for fiskeproduksjon er såpass gode i dette vatnet, kjem det av nedslagsfeltet. Her er mykje kultivert mark, og tilsiga herfrå vil alltid føre verdfulle næringsstoff med seg, som vil koma vatnet til gode. Dette gir seg utslag i ein frodig vegetasjon i og omkring vatnet og gir gode vilkår for alger og anna plankton, som er sjølv næringsgrunnlaget i eit vatn.

Ser vi på aurebestandet i Eikjevatnet, så er det mange ting som talar for at vatnet er sterkt overbefolka. Vekstkurven stagnerar heilt ved 5 års alder og av prøvefiskane var heile 60% angripne av parasittar. Dei gode gytetilhøva i fleire av tilsigsbekkene fører til, at det årleg kjem store mengder med yngel og småfisk ut i vatnet. Blir ikkje denne årlege tilveksten hausta, hopar den seg opp, og gjev grunnlag for eit småvaksne fiskebestand. Det er dette som er tilfelle i Eikjevatnet i dag.

Røyra vi fekk, var heller ikkje av fullgod kvalitet. Som kjent har dette fiskeslaget stor formeringsemne, så det er mykje viktig at ein gjer sitt beste for å halde bestandet i sjakk.

Det er grunn til å tru, at det til sine tider vil gå både laks og sjøaure i Eikjevatnet, utan at vi fekk nokon av desse fiskeslagene under prøvefisket.

#### Praktiske tiltak.

Det første som må gjerast er å skipe til eit grunneigarlag, då eit lag alltid vil stå sterkare enn den einskilte grunneigaren om eit eller anna står på.

Vidare må ein gå i gang med utfisking av aure og røyr. Ved å montere ei ruse på tilsigsbekkene vil ein kunne fanga mykje fisk ved gytetida om hausten. Rusene må setjast på ein høvande stad ikkje langt oppe frå vatnet og med kalven ned mot vatnet. La rusa dekke heile laupet og dermed vil ein kunne fanga all gytetisk som går på bekken. I tillegg til dette må ein gå til innkjøp av ca. 10 småmaska garn til utfisking (garna kan tingast hjå underskrivne). Ved å setja garna i nærleiken av bekkene om hausten, er det utruleg kor mykje fisk ein vil kunna fanga.

Utfiskinga må også femne om røyra. Lokaliser gytetiltakene og driv eit hardt garnfiske her. Røyra heldt som kjent til i dei djupare



vasslaga, men søker grunnane ved gytetider om hausten. Røyra gyt på hard, steinut botn.

Det er god grunn til å tru, at ein vil kunna få både laks og sjøaure opp i vatnet. Om grunneigarane er interessert i det, kan ein setje ut laksesmolt, som etter nokre år vil koma attende som fullvaksen laks.

Ålen er ein godt betalt matfisk. Ved å plassera ei ålemér i utlaupet, vil ein kunne fanga mykje ål. Det er om hausten, helst under flaumar og mørk måne, at utgangsålen forlet vatnet.

Som nemnt er tilheva for fiskeproduksjon gode og ein kan rekne med ei ganske stor avkasting pr. ha. Etter å ha drive utfisking i 2-3 år, vil ein kunna sjå korleis fiskekvaliteten endrar seg til det betre.

Det var å vone, at dei tiltaka som her er nemnde vart gjennomførte, og underskrivne vil vera hjelpesam i så måte. Straks grunneigarlaget er etablert, må ein gå i gang med sal av fiskekort for stangfiske. Vatnet ligg lageleg til på alle vis, med campingplass like inntil, så grunneigarane vil reint økonomisk kunna gjera mykje ut av nettopp dette vatnet.

Lukke til.

Stavnger 11. februar 1975

Einar Berg